


# TID FOR TI



Hei!  
No skal vi lese  
ein teikneserie ...



... og du skal få  
lære litt om  
teikneseriar!



Nokon tenkjer kanskje:  
*Det er lett å lese ein  
teikneserie, fordi det er  
så lite tekst.*

Er du einig?  
Diskuter!

Korleis skal me  
eigentleg lese ein  
teikneserie?

Snakk litt saman ...

Kva slags  
teikneseriar  
kjenner du til,  
og kva for  
teikneseriar  
likar du å lese?

Finst det ulike  
teikneseriesjangrar?


Teikneserien vi skal lese, heiter  
***Gi meg litt sjelefred***  
og er skriven og teikna av Marte Jørgensen



... men før vi skal lese,  
må vi sjå nærare på  
dette ordet:

# SJELEFRED

Forklar for ein medelev kva  
*sjelefred* er. Kva gir deg  
sjelefred?




No skal vi lese. Medan du les, skal du:

- legge særleg merke til dei delane av forteljinga der det ikkje er replikkar
- lage ei forteljarstemme inni deg som fortel det som blir fortalt utan ord
- sjå kor mykje du kan «lese» ut ifrå det som ikkje er tekst.



Etter at vi har lese ...



Det var ein fin teikneserie! No må vi sjå nærare på det vi har lese.

1. Kan du fortelje kva denne teikneserien handlar om, med tre setningar?


2. Kvar i teikneserien kan du sjå at dette er ei fantasiverd? Leit etter små og store detaljar som viser at dette ikkje går føre seg i vårt univers.

3. Miriam, hovudpersonen i forteljinga, er ei heks.

a. På kva måte kan du sjå det?

b. Liknar Miriam på dei heksene du har møtt i andre forteljingar? Korleis skil ho seg frå ei tradisjonell heks?





Det er ikkje berre kroppsspråk som kan seie noko om korleis teikneseriefiguren har det ...

4. I nokre forteljingar er fysisk skade eit teikn på eit anna problem som personen er plaga med. Korleis er dette for Tyra?







Kva slags  
utsnitt er  
dette?

**5. Teikneserien har nytta ulike utsnitt og synsvinklar.**

**No skal du finne:**

- Eit totalbilete
- Halvnært bilete
- Eit nærbilete

**Samanlikn det du har valt ut, med ein medelev.**

**6. Sjå på utforminga av snakkeboblene. Kva fortel sjølve snakkeboblene om korleis personane snakkar?**

**7. I enkelte ruter i teikneserien ser me berre eit ultranært bilete av Miriam eller Tyra, utan replikkar.**


- a. Finn tre slike nærbilete utan replikkar, og set ord på kva ruta fortel.**
- b. Er desse nærbileta utan replikkar viktige for å fortelje historia? Kvifor tenkjer du at desse nærbileta er med i teikneserien?**



Kva skjer med teikneserien dersom du legg til musikk?

8. Finn fram til ei side i teikneserien som du likte. Gå til [Pixabay](#) eller ei anna side med musikk utan opphavsrettar.
- Finn bakgrunnsmusikk som kan passe til stemninga og handlinga på teikneseriesida. Kan du finne musikk som endrar opplevinga av teikneseriesida?
  - Gå i grupper og del musikken de har valt. Er de einige i val av bakgrunnsmusikk, eller har dei andre på gruppa andre tankar om kva musikk som passar?

# TID FOR TI



Og no er det din tur til å lage forteljingar.

Eg håpar du kan bruke noko av det du har lært ...



## **Skriv Tyra sitt eventyr**

Teikneserien sluttar med at Tyra reiser ut på neste eventyr. Skriv ei forteljing der du fortel om det Tyra opplevde på denne reisa. Kva møter ho, og korleis opplever ho det å skulle reise bort frå Miriam?

## Lag ein teikneserie

No er det din tur! Læraren vel om du skal nytte [teikneseriemalane du finn på denne sida](#), eller arbeide digitalt i eit program som skulen har tilgang til (til dømes Creaza, Canva, Book Creator, eller ved å bruke malen «Manga-tegneserieskaper» i Powerpoint).

Teikneserien skal vere på maksimalt ei side. Dersom de arbeider med eit passende tema i eit anna fag (naturvern, berekraft, ein historisk periode, kosthald), kan de godt lage ein teikneserie om dette temaet.

I teikneserien skal du:

- bruke ulike utsnitt og synsvinklar.
- velje snakkebobler og fontar som samsvarer med det karakterane seier.
- ha minst ei rute i teikneserien utan replikkar eller forteljarkommentar, som fortel noko på ein annan måte.

## Lag ein animasjonsfilm!

Bruk side 16–20, og filmatiser denne delen av teikneserien. Spel inn replikkane med ei passende stemme, legg på effektlydar og legg til bakgrunnsmusikk. Bruk bileta frå teikneserien, legg inn zoom, utsnitt og panorering. Det beste er om du gjer det i denne rekkjefølgja:

1. Spel inn replikkar (Hugs å legge inn litt mellomrom mellom rutene og replikkane. Det bør ikkje gå for fort.)
2. Legg inn bilete og rediger overgangar, utsnitt, zoom osv.
3. Legg inn bakgrunnsmusikk og eventuelle effektlydar. (Både musikk og effektlydar kan ein finne på [pixabay.com](https://pixabay.com))

Hugs å lage ein sluttekst/rulletekst der du skriv kven som har gjort kva (inkludert namnet på teikneserieskaparen).